

VINDHOVDEN/TJOFLOTSTØLEN

Høgdemeter: Ca 586 moh.

Lengd: ca. 2 km

Tid: ca.1 time ein veg.

Gradering: Middels

Vegskildring: Køyr fylkesveg 13 gjennom Vallaviktunnelen og ta av til høgre mot Djonno og Tjoflot rett etter tunnelen. Følg vegen heilt til endes og opptil gards ca.17 km. Vegen går vidare til parkeringsplassen. (229 moh). Bompengar 100 kr. Her finn du ei informasjonstavle frå turlaget. Vi har og sett ut ein benk ved parkering. Det er skilta og merka raudt mot Oksen der turen startar. Du følgjer ein traktorveg i starten som går over til sti fram til Vindhovden/Tjoflotstølen som ligg på 586 moh. Stien er bratt, men tydeleg og det er omlag 2 km opp til støls. I det første krysset står det til Steinhytto mot høgre og stien til Oksen går rett fram. Ved **Fjellbrune** er det fint å ta bilete og ein pause. Det er eit flott utsiktspunkt som er godt rydda og ein ser fjorden og ferja mellom Kvanndal – Utne. Herifrå vert stien brattare og du kjem til eit kryss **Orsteg** der du kan gå til venstre for å komme til Hamre. (Denne ruta er ikkje merka). Følg stien vidare oppover mot stølen og Oksen. Når du kjem til støls opnar landskapet seg og du ser ut fjordane. Du kan og sjå ut Samlafjorden (ut Hardangerfjorden) mot sørvest, og her er det flott å ta ein pause før du begynner på Oksabrekkene.

Turtips 1: Gå til Oksen på raudmerka løype vidare 1241 moh! Sjå eigen turskildring

GOD TUR!

NB! Det er for tida skogsarbeid på vegen frå parkeringa og oppover mot stølen!